



Ingeniør Aarland AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3874 - 15/4882

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

03.03.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 139/85 - Tveiten nedre

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg motteke 02.02.2015 og tilleggsopplysninger i e-post datert 03.03.2015.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og kant kommunal veg skal være minimum 4.0m.
- Det vil ikkje vere høve til å parkere langs kommunal veg jf. møtereferat mellom tiltakshavar og byggesak datert 18.12.2014.
- Plassering av tiltak skal være som vist på vedlagt bilete og lengdesnitt , datert Teknisk drift VVA, 03.03.2015.

Det er med heimel i Veglova §§ 29, 40-43, forskrift av 1964 om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler langs offentleg veg, samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som bemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offetleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen om vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bilete og lengdesnitt gnr 139 bnr 85

Kopi til:

Lindås kommune ved vegavdelinga
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Ingeniør Aarland AS